



GULATING LAGMANNSRETT

Dok 3

Til kommunane i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland (med Sirdal)

Sendast som e-post

Deres referanse

Vår referanse

Dato

16-005804ADM-GULA/AVD3- 311,2

25.02.2016

Val av lagrettemedlemmer og meddommarar for perioden 01.01.2017 til 31.12.2020

Domstoladministrasjonen har i brev til alle kommunane i landet, datert 17.11.2015, (sjå bilag), gjort greie for reglane om val av lagrettemedlemmer og meddommarar til dei alminnelege domstolane. Me visar til utgreiinga.

Lagrettemedlemmer og meddommarar skal gjere teneste i saker i lagmannsretten der lekdommarar skal ta del i avgjerda. Dette vil hovudsakleg dreie seg om straffesaker.

De nye kommunestyra som blei valt hausten 2015, skal innan **01.07.2016** velje lagrettemedlemmer og meddommarar for perioden 01.01.2017 til 31.12.2020. Liste over dei som er valde skal sendast lagmannsretten så snart som råd etter at val er gjennomført, og innan **15.09.2016**, jf domstoloven § 69 andre ledd

Det skal være to ålmenne utval av lagrettemedlemmer og meddommarar til lagmannsretten, eitt for kvinner og eitt for menn.

Utvalet for lagsokna skal ha dette talet på lagrettemedlemmer og meddommarar:

Rogaland lagsokn: 766 (383 kvinner og 383 menn)

Hordaland, Sogn og Fjordane lagsokn: 982 (491 kvinner og 491 menn)

Vi ber om at listene over dei som er valt blir ført i formatet Microsoft Excel.

Domstoladministrasjonen vil kome attende til opplegget for sjølve innrapporteringa av utval når fristen nærmar seg.

Postadresse
Postboks 7414, 5020 BERGEN

Sentralbord
Bergen: 55693900
Stavanger:
51299080

Saksbehandler
Janicke K. Vognstølen

Bankgiro

Organisasjonsnummer

Kontoradresse
Gulatings plass 1

Telefaks
55693901

Telefon
55 69 39 71 / 934 48 284

Ekspedisjonstid
0830-1500

Internett/E-post
http://www.domstol.no/gulaling/gulating_lagmannsrett@domstol.no

Kommunane pliktar å kontrollere at dei som skal veljast, fyller vikåra i domstolloven §§70-72, jf. § 73. Dette inneber at ein også må setje i verk vandelskontroll.

Også tingrettane vil ta kontakt med kommunane med sikte på val av medlemmer for tingrettane. **Me gjer merksam på ingen kan bli valt til meir enn eitt utval, jf. domstolloven § 68, 3. ledd.**

Gulating lagmannsrett

Magn. E. Sheim
førstelagmann

